

# ÅRSRAPPORT | 20 Trygg Trafikk Sogn og Fjordane | 17





**Distriktsleiar:** Audun Heggestad  
Askedalen 4  
6863 Leikanger  
Telefon: 952 37 438  
E-post: heggestad@tryggtrafikk.no

## TRYGG TRAFIKK I SGN OG FJORDANE

Arbeidet til Trygg Trafikk i Sogn og Fjordane er styrt av strategiplanen i organisasjonen og årlege verksemdsplanar, og av «Handlingsplan for trafikktrygging 2018–2021 for Sogn og Fjordane».

Fylkessekretariatet i Sogn og Fjordane blei oppretta i 1984. Distriktsleiaren har kontorplass på Leikanger og leiar arbeidet til Trygg Trafikk i fylket. Distriktsleiaren er lønt av Trygg Trafikk, medan kontorhald og reiseutgifter blir dekt av Sogn og Fjordane fylkeskommune.

### MEDLEMMER

- Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Aurland kommune
- Flora kommune
- Leikanger kommune
- Høyanger kommune
- Årdal kommune
- Bremanger kommune
- Lærdal kommune
- Naustdal kommune

## INNHOLD

Dette er Trygg Trafikk.....	3
Omkomne i vegtrafikken .....	4
Trafikksikker oppvekst .....	5
Trafikktryggleik må prioriterast .....	9
Vala til trafikantane .....	10
Økonomi og finansiering .....	10
Fremtidige behov og mulegheiter .....	11

### ÅRSRAPPORT SGN OG FJORDANE 2017

REDAKTØR: Audun Heggestad  
KORREKTUR: Nye Tille AS  
DESIGN: October Design AS

[www.tryggtrafikk.no/  
sogn-og-fjordane](http://www.tryggtrafikk.no/sogn-og-fjordane)

## DETTE ER HOVUD-MÅLA TIL TRYGG TRAFIKK

Trygg Trafikk har vedteke ein strategiplan for 2018–2021. Hovudmåla i strategiplanen er:

### HOVUDMÅL 1

Trygg Trafikk er ein leiande aktør i arbeidet for trafikktryggleik oppvekst.

### HOVUDMÅL 2

Trygg Trafikk påverkar avgjerdstakarane til å prioritere trafikktryggleik.

### HOVUDMÅL 3

Trygg Trafikk bidreg til at trafikantane tek rette val.

## Dette er Trygg Trafikk

Trygg Trafikk er ein landsdekkjande medlemsorganisasjon som jobbar for betre trafikktryggleik for alle trafikantar. Vi syter for at trafikkopplæring og informasjon om trafikktryggleik når ut til barnehagar, skular og befolkninga elles. Målet er å få folk til å ta klokare val i trafikken.

**G**jennom konsepta Trafikksikker kommune, Trafikksikker barnehage og Trafikksikker skule bidreg vi med rådgjeving, struktur og tiltaksplanar for auka trafikktryggleik. Trygg Trafikk jobbar også med haldningskampanjar og med å få folk til å bruke tryggingsutstyr i trafikken. Målet er å få folk til å ta klokare val i trafikken. Kompetansen til trafikantane vil framleis i mange år ha stor innverknad på trafikktryggleiken.

### Samarbeidspartner og pådrivar nasjonalt og lokalt

Trygg Trafikk fungerer som bindeledd mellom frivillige aktørar og offentlege myndigheter nasjonalt og lokalt. Organisasjonen møter i kontaktutvalet for trafikksikkerheit (KTS) og har ansvar eller delansvar for 25 tiltak i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på vei 2014–2017. Distriktsleiarene i Trygg Trafikk har ei sentral rolle i det kommunale og fylkeskommunale trafikktryggleiksarbeidet i fylka og kommunane.

### Medlemmer

Trygg Trafikk byggjer nettverk og samarbeider med medlemsorganisasjonane om politiske saker som har innverknad på trafikktryggleiken. Medlemmene i Trygg Trafikk er i hovudsak kommunar, fylkestrafikkutval, bedrifter og andre landsdekkjande organisasjonar.

### Finansiering

På nasjonalt nivå er Trygg Trafikk finansiert over statsbudsjettet og med frie midlar og prosjektkjøp frå Finans Norge og forsikringsselskapa. Lokale aktivitetar rundt om i landet blir finansierte gjennom tilskot og prosjektmidlar frå fylka.



## Fire omkom i trafikken i Sogn og Fjordane i 2017


I 2017 mista fire personar livet, mot fire personar i 2016, jf. tal frå Statistisk sentralbyrå. Trygg Trafikk har funne tal frå SSB tilbake til 1978, og det lågaste talet på omkomne i perioden 1978–2017 var i 2014 med berre éin omkomne.

139 personar blei skadde i trafikken i 2017, mot 117 personar i 2016. I 2017 blei det registrert 101 politirapporterte trafikkulukker med personskadar, mot 94 ulukker


året før. Dette ser ut til å bli ein stor oppgang i høve til året før, spesielt på skadde personar. Tala kan endre seg noko utover året fram til dei endelige tala kjem i mai 2018. Det er spesielt sommarmånadene mai, juni og august som har svært mange skadde.

Kjelde: SSB

DREPTE OG HARDT SKADDE I SGN OG FJORDANE  
2008–2017



OVERSIKT OVERTALET PÅ OMKOMNE PER FYLKE I 2017



## Trafikksikker oppvekst

Trafikktryggleik for born er dei vaksne sitt ansvar og omfattar fysiske tiltak, fartsgrenser, sikker transport, tryggingsutstyr og trafikkopplæring.

Tiltaka til Trygg Trafikk er primært retta mot trafikkopplæring og bruk av tryggingsutstyr.

Grunnlaget for haldningars til tryggleiken blir lagt i barneåra, og difor må trafikkopplæring starte tidleg. Vaksne i heim, barnehage og skule er rollemodellar og har ansvar for at born og unge utviklar evne til refleksjon, risikoforståing og til å ta andre sine perspektiv og til å samarbeide.

Gjennom konseptet trafikksikker kommune har vi etablert godkjenningsordningar for trafikksikker barnehage og trafikksikker skule. På denne måten set vi trafikkopplæring i system gjennom heile utdanningsløpet.

Trygg Trafikk i Sogn og Fjordane har i samarbeid med støtte frå fylkestrafikktryggingsutvalet gjennomført desse tiltaka:

### Forskulelærarutdanninga

#### Kurs på barnehagelærarutdanninga på Høgskulen i Sogn og Fjordane (BLU)

Trygg Trafikk gjennomførte eit kurs med tema trafikkopplæring i for barnehagelærarutdanninga på Høgskulen i Sogn og Fjordane i Sogndal.

Kurset blei halde på vårsemesteret for studentane på

“

Grunnlaget for haldningars til tryggleiken blir lagt i barneåra, og difor må trafikkopplæring starte tidleg.

tredje året. Her var det 35 studentar frå heile landet. Desse tok med trafikk som tema når dei skulle ut i praksisperioden like etter kurset. Dette er eit godt tidspunkt fordi studentane er komne langt i utdanninga, og temaet kan dei også bruke betre i praksisperioden sin etterpå.

Kurset blei støtta av FTU, og vi fekk gode tilbakemeldingar frå deltakarane, som også fekk utdelt undervisningsmatriell frå Trygg Trafikk.

### Trafikksikre barnehagar

Trygg Trafikk godkjende tolv nye trafikksikre barnehagar i Gloppe og Årdal kommune. Til saman er femten barnehagar godkjende som trafikksikre barnehagar. Dei tre andre ligg i Leikanger kommune og har gjennom dei fire siste åra vore pilotbarnehagar i prosjektutviklinga trafikksikker kommune / trafikksikker barnehage / trafikksikker skule.

For å bli godkjend som Trafikksikker barnehage må barnehagen fylle kriteria til konseptet Trafikksikker barnehage, og dei vert godkjende for tre år om gongen.



Thomas Idem på forskulelinja på Høgskulen i Sogn og Fjordane.



Fra opninga av Nygård barnehage som Trafikksikker barnehage.



Førelesar Torunn Mevik frå Trygg Trafikk.



Fra nettverksmøte i Sogndal med ungdomsskulelærarane som driv med valfaget trafikk og trafikalt grunnkurs.



#### Barnas trafikklubb

Barnas trafikklubb er ein trafikklubb som er gratis og nettbasert. Klubben er først og fremst tenkt som eit pedagogisk hjelpemiddel for barnehagane, og lokalt har vi arbeidd mykje med informasjon og delt ut mange innmeldingspreiarar. Dette har gjeve god respons, og svært mange har meldt seg inn. Det er framleis mange som enno ikkje har meldt seg inn, så dette vil vi jobbe med dei neste åra.

#### Skule

##### Trafikksikker skule

Det blei godkjent to nye trafikksikre skular i 2017. Til saman er det fire trafikksikre skular i fylket. Dei er fordelt på Førde, Sogndal og Årdal kommunar. Godkjenninga gjeld i tre år, og for å bli godkjend må ein fylle kriteria til Trygg Trafikk for trafikksikker skule.

##### Skulestart og gåopplæring

I samband med skulestart sende Trygg Trafikk ut informasjonsbrosjyre om seksåringar på skulevegen til alle skulane i fylket. I tillegg har vi også sendt ut informasjon om kompetansesenteret til Trygg Trafikk og kva skulane kan finne der. Trygg Trafikk Sogn og Fjordane har i samarbeid med FTU tilbydd skulane gratis materiell til skulestart og opplæringsmateriell til 1.-4. klasse. Mange skular har teke imot tilbodet og brukta det. Her har vi satsa på klassesett til skulane, slik at gjenbruk over fleire år er sikra. I tillegg har vi hatt eit nært samarbeid med folkehelsekoordinatorane i kommunane og folkehelserådene i fylkeskommunen.

#### Hjartesone

I samband med skulestarten sende vi også ut informasjon om Hjartesone og oppmoda skulane til å etablere bilfrie og sikre soner rundt skulane. Bakgrunnen er at det skal bli tryggare rundt skulane, og at det vil motivere fleire til å gå eller sykle til og frå skulen. Fleire kommunar har respondert at dei vil jobbe meir med dette konseptet i 2018. Statens vegvesen har også teke dette opp som tema på trafikktryggingsmøta dei har hatt med kommunane.

#### Sykkel

Trygg Trafikk har som kompetansesenter mykje godt materiell om sykling og sykkelopplæring. Vi har sendt ut demonstrasjonsseksemplar av sykkelmateriellet, og på nettsidene våre ligg det informasjon om tilbodet, rettleiingar, filmar og testar om sykkelopplæring på dei ulike trinna i grunnskulen til alle skulane i fylket. Mange skular har fått tips om nettsidene våre, og i tillegg har sykkel vore eit viktig tema hos lærarstudentane på høgskulen. Nokre av studentane har brukta dette materiellet i praksis-periodane sine.

##### Nye retningslinjer for sykling til og frå skulen

Det kom nye retningslinjer i samband med skulestart, og Trygg Trafikk informerte skulane og foreldra i samarbeid med Fylkesmannen om desse nye



retningslinjene. Det er no foreldra og ikkje skulen som skal bestemme når barna kan få lov til å sykle til og frå skulen. Trygg Trafikk tilrår som tidlegare at barna bør vere ti-tolv år før dei sykla åleine i blanda trafikk.

#### Kompetansekur i trafikalt grunnkurs

Lærarar i ungdomsskulen som vil undervise ungdomsskule-elevane i trafikalt grunnkurs, må ha gjennomført ei vekes spesialkurs på Nord universitet for trafikklærarutdanning.

Trygg Trafikk gav tilskot til ein ny gjeng ungdomsskule-lærarar til dette spesialkursset ved Nord universitet avdeling Stjørdal. Frå før er vel 30 lærarar godkjende her i fylket. Mellom anna har alle ungdomsskulane i Indre Sogn to godkjende lærarar på kvar skule.

#### Nettverksmøte for ungdomsskulelærarar i Sogndal

Trygg Trafikk inviterte alle ungdomsskulane til nettverksmøte i Sogndal i april dette året for å motivere til å gjennomføre trafikalt grunnkurs og valfaget trafikk på ungdomsskulane. Torunn Mevik frå Trygg Trafikk sentralt

hadde ansvaret for kurset, som var støtta av FTU. Det møtte 22 deltakrar, og det var sterkt ønske om årlege samlingar. På møtet fekk dei drøfta moglegheiter og utfordringar med kollegaer frå andre skular, og dei fekk informasjon om korleis opplæringa er lagd opp andre stader i landet.

#### Ungdom

##### Temadagar på vidaregåande og for lærlingar

Trygg Trafikk har delteke på temadagar på fleire vidaregåande skular og på lærlingsamlingar der vi har hatt trafikk som tema. Promille, fart og rus er emne som blir tekne opp på desse dagane. Vi har mellom anna brukt promillebrillene som er kjøpte inn. Dette er temadagar som involverer heile skulen eller delar av skulen. Når det gjeld russebilar, har Statens vegvesen eit eige opplegg for dei.

#### Refleks

##### Refleksdagen 2017

19. oktober var den nasjonale refleksdagen i Noreg. Årets-

“

Trygg Trafikk inviterte alle ungdomsskulane til nettverksmøte i Sogndal i april dette året for å motivere til å gjennomføre trafikalt grunnkurs og valfaget trafikk på ungdomsskulane.

refleksdagrefleks var laga av Kari Traa. Refleksane hadde mange ulike motiv som sommarfuglar og söljer. Trygg Trafikk kjøpte inn ein del av desse refleksane og nyttar dei i samband med markeringa av refleksdagen og til andre som hadde pedagogiske refleksopplegg.

Refleksdagen blei markert på ulike vis. Mellom anna blei det gjennomført ein adhocaksjon i Måløy og på Eid. Begge stadene blei aksjonane arrangerte i samarbeid med dei vidaregåande skulane. Politiet, Statens vegvesen, fylkeskommunen, LO og Trygg Trafikk delte ut refleksar til fotgjengarar rundt og på skulane og på skuleområdet. Representantar frå dei nemnde organisasjonane og skulane var med på utdelinga. Aksjonen fekk stor mediedekning, spesielt i sosiale medium, og blei godt motteken. I tillegg hadde mange skular og barnehagar refleks som tema denne dagen.

#### **Reflekskonkurranse i samarbeid med fotballkretsen**

Sogn og Fjordane Fotballkrets og Trygg Trafikk inviterte aldersbestemte fotballklubar til reflekskonkurranse der laga skulle kome med gode reflekstiltak via ein fotokonkurranse. Vinnarane av konkurransen blei jenter 5–6 og 8 år frå Eid idrettslag, medan gutar 8 år frå Sogndal IL kom på andre plass. Det var god deltaking, og laga blei premierte med refleksvestar. Vinnarane fekk også pengepremiar i tillegg.

#### **Refleksteljing 2017**

Trygg Trafikk har også gjennomført refleksteljingar på vaksne trafikantar i november. Der brukte 54 prosent av dei vaksne refleks. Landsgjennomsnittet var 40 prosent. Teljingane blei fordelt på både landeveg og tettbygde område, der det var 67 prosent bruk på opplyst landeveg, medan bruken var på 42 prosent i meir tettbygde sentrumssområde. Sogn og Fjordane ligg langt over landssnittet, men det er langt att til 100 prosent bruk.

#### **Trafikksikre fotballklubar**

Trygg Trafikk har eit godt og langt samarbeid med Sogn og Fjordane Fotballkrets og fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU). Det er laga kriterium for å bli ein trafikksikker fotballklubb, og dette året blei Kaupanger idrettslag godkjent som trafikksikker fotballklubb. Frå før var Sandane, Vik, Jotun, Stryn og Førde fotballklubb godkjende. Dette er eit viktig arbeid for å få klubbane til å setje trafikktryggingsarbeidet i system. Fleire klubbar jobbar for å bli godkjende til neste år.



Samarbeidspartnerane på refleksdagen 2018.



Frå refleksdagen 2018 i Måløy.



Vinnarane av reflekskonkurranse: idrettslag, jenter 5–6 og 8 år.



## Trafikktryggleik må prioriterast

Trygg Trafikk er ein pådriver og aktør for betre trafikktryggleik med særleg vekt på trafikantretta tiltak. Dette omfattar engasjement i avgjerdssprosesser både politisk og i forvaltninga på alle nivå og i alle sektorar.

#### **Trafikksikker kommune**

Årdal kommune blei som den første kommunen i Sogn og Fjordane godkjend av Trygg Trafikk som trafikksikker kommune 3. mai. Dette blei markert med mellom andre ordføraren og representantar frå fylkeskommunen. Årdal kommune er også sertifisert som trygt lokalsamfunn. Dette passar godt saman med trafikksikker kommune, og kommunen har lang tradisjon i det ulukkesførebyggjande arbeidet gjennom Årdal tenk tryggleik.

To kommunar til er snart klare for godkjenning i 2018. Det er Gloppen og Eid kommunar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok i desember dette året ny handlingsplan for trafikktryggleik for 2018–2021. Der er trafikksikker kommune eitt av fire satsingsområde. Målet er at i planperioden skal minst ti kommunar bli godkjende som trafikksikre kommunar, og alle kommunane skal ha begynt på prosessen for å bli trafikksikre kommunar.

At fylkeskommunen vil ha trafikksikker kommune som satsingsområde, er svært positivt og betyr mykje for prioriteringane til Trygg Trafikk lokalt i tida framover.

Fylkestrafikktryggingsutvalet er i dag samansett av ni fylkestingsrepresentantar, og det er identisk med samferdselsutvalet. Konsultative medlemmer som Trygg Trafikk, Statens vegvesen, politiet og Fylkesmannen kjem i tillegg. Dei konsultative medlemmene har forslags- og talerett.

Frå 2020 skal Sogn og Fjordane fylke slåast saman med Hordaland fylke. I denne samanslåingsprosessens må det arbeidast med å få god prioritering av trafikktryggingsarbeidet i det nye fylket, som truleg får namnet Vestlandet.

## Vala til trafikantane

Dei vala trafikantane gjer i trafikken, har stor innverknad på ulukkesrisiko og skadeomfang. Kunnskap om ulukkesomfang, årsaker og risiko set trafikantar i stand til å ta medvitne og trygge val.

Trygg Trafikk tek eit særleg ansvar for å påverke trafikantane til bruk av fotgjengarrefleks, sykkelhjelm og rett sikring av born i bil.

### Refleks og pensjonistar

Trygg Trafikk har samarbeidd med Sogn og Fjordane pensjonistforbund ved at vi har tilbydd alle laga eit pedagogisk opplegg med film, informasjon (PowerPoint) og refleksar dersom pensjonistlaga laga eit opplegg rundt temaet refleks. Mange av laga i fylket svara på tilbodet og fekk tilsendt refleks og opplegg i tilknyting til temadagen. Trygg Trafikk eller lensmannskontora deltok på mange av desse samlingane. Opplegget blei svært godt og positivt motteke.

### Trafikkurs for flyktningar

Trygg Trafikk har også hatt trafikkurs med mellom anna sikring av born i bil, refleks og sykling som tema på fleire av flyktningmottaka, og vi har hatt kontakt med fleire av flyktningkonsulentane i kommunane. Desse kursa er ein del av integreringsprogrammet til flyktningane, og dei har vore tekne godt imot i kommunane.

### Tema og kurs om «Sikring av barn i bil»

Det blei halde fleire kurs om sikring av born i bil dette året. I tillegg har vi halde kurs på helsestasjonar. Vi har også sendt ut mykje informasjonsmateriell og kampanje-materiell til mellom anna helsestasjonane, kommunane og barnehagane.

## Økonomi og finansiering

### Tilskot til sekretariatet:

Trygg Trafikk Sogn og Fjordane fekk eit tilskot frå fylkeskommunen på kr 206 000 i 2017. Dette skal mellom anna dekke husleiga til Statens vegvesen på kr 84 949, reise, IT

og drift av sekretariatet. Det er signalisert at husleiga skal aukast meir enn prisstigninga i tida framover.

Aktivitetar	Overført frå 2016	Inntekter 2017	Kostnader 2017	Saldo 2017 Overf. til 2018
18 - Kurs politi, lærarar	-	30 503	-30 503	-
19 - Refleks og synlegheit	-	103 944	-103 944	-
24 - Trafiksikre kommunar	-	63 631	-60 464	3 167
30 - Sykkelaksjonen	-	20 113	-20 113	-
46 - Trafikkopplæring ungdomsskulen	-	28 309	-28 309	-
99 - Reise, kontor og administrasjon	117 107	206 000	-202 263	120 844
<b>Sum</b>	<b>117 107</b>	<b>452 500</b>	<b>-445 596</b>	<b>124 011</b>



## Framtidige behov og moglegheiter

Trygg Trafikk er eit kompetansesenter innanfor det nasjonale trafikksikkerheitsarbeidet og rettar kvart år søkjelys mot det vi meiner vil vere viktige arbeidsområde for det komande året.

I «Handlingsplan 2016» frå Trygg Trafikk legg vi stor vekt på mellom anna desse momenta og tiltaka:

### Trafiksikker kommune

Kommunen er ein viktig aktør i trafikktryggingsarbeidet. Som vegeigar, barnehage- og skuleeigar, arbeidsgjevar, kjøpar av transporttenester og ansvarleg for helsa og trivselen til innbyggjarane har kommunen eit stort ansvar for å førebygge ulukker. Gjennom lover og forskrifter har kommunen plikt til å arbeide systematisk med ulukkesforebyggjande arbeid i alle kommunale sektorar.

For å lukkast må alle etatane i kommunen involverast i arbeidet, og den einskilde etatsleiar må ta sitt delansvar. Arbeidet må forankrast i den politiske og administrative leiinga. Trygg Trafikk har utarbeidd kriteria for ein trafiksikker kommune. I perioden 2014–2017 legg dei fleste fylkeskommunane konseptet Trafiksikker kommune til grunn når dei stimulerer kommunane til å arbeide systematisk med trafikktryggleik.

I Nasjonal tiltaksplan for trafiksikkerhet 2014–2017 er det sett mål om 60 godkjende kommunar ved utgangen av 2017.

I Sogn og Fjordane ynskjer fylkeskommunen at kommunane skal jobbe etter konseptet og bli godkjende.

Det er inngått avtalar med Eid kommune og Årdal kommune om å bli Trafiksikre kommunar, og det vert arbeidd med å få til to intensjonsavtalar til i løpet av 2017.

Slåtten skule i Førde kommune blei godkjend som Trafiksikker skule i august 2016, og frå tidlegare er Kaupanger skule i Sogndal kommune godkjend. I tillegg er fire barnehagar godkjende som Trafiksikre barnehagar.

### Barnas trafikkklubb

Trygg Trafikk starta Barnas trafikkklubb i 1966. Klubben er revidert fleire gongar tidlegare, og då vi i 2016 feira 50-årsjubileet til klubben, lanserte vi ein ny og moderne klubb som er tett knytt til Trafiksikker barnehage. Primærmålgruppa for Barnas trafikkklubb er framleis vaksne, og materiellet i klubben blir laga som ei støtte i trafikkopplæringa. Nesten alle yngre born går i barnehage, og den nye klubben vender seg til barnehagane for å nå tilsette og foreldre. Den omfattande og innhaldsrike nettressursen [www.barnastrafikkklubb.no](http://www.barnastrafikkklubb.no) skal vere gratis i bruk. Ambisjonen er å nå breitt ut med solid fagleg kompetanse.

Det har vore eit viktig arbeid i 2017 å få Barnas Trafikkklubb godt kjend for målgruppene, både foreldre og barnehagepersonell. Det er mange tilbod til disse gruppene, og det blir stilt store krav til oss for å bli lagd merke til. Her i fylket vil det bli sendt ut informasjon til alle barnehagane, og vi vil spesielt vise samanhengen mellom klubben og kriteria for Trafiksikker barnehage i Trafiksikker kommune.

### Sykkel

Høge nasjonale mål om auka bruk av sykkel og stor samfunnsinteresse rundt sykling gjer at Trygg Trafikk legg meir vekt på dette temaet enn tidlegare. Vi gjer allereie mykje i dag, men dette må systematiserast og synleggjera betre, og vi må bygge opp ein solid og heilsakleg kunnskap på dette feltet.

Trygg Trafikk er ein viktig aktør i sykkelopplæringa i skulen. Vi utviklar informasjon, opplegg og materiell til skulane, både åleine og saman med Utdanningsdirektoratet. Vi vil styrke posisjonen vår ved å vere avsendar av ny kunnskap på området born og sykling. Sykkelretsinga i skulen skal vere tydeleg i alle fylke.

# TRYGG TRAFIKK

**Trygg Trafikk** er ein medlemsorganisasjon som arbeider for betre trafikktryggleik for alle trafikantgrupper. Organisasjonen er landsdekkjande og fungerer som eit bindeledd mellom frivillige aktørar og offentlege myndigheter.

**Trygg Trafikk** har eit vedtaksfesta ansvar for at det blir gjennomført trafikkopplæring og gitt informasjon om trafikktryggleik som del av den samordna innsatsen mot trafikkulukker.

**Trygg Trafikk** blei oppretta i 1956. Organisasjonar, verksemder, kommunar og trafikktryggingsutval i fylke er medlemmer av Trygg Trafikk.

Arbeidet til **Trygg Trafikk** blir i hovudsak finansiert gjennom statlege tilskot og prosjektkjøp frå Finans Norge, forsikringsselskap og andre verksemder. Lokale aktivitetar blir i stor grad finansierte gjennom fylkeskommunale tilskot og prosjektmidlar. I tillegg har organisasjonen medlems- og salsinntekter.



TRYGG TRAFIKK

---

**TRYGG TRAFIKK**  
**SØGN OG FJORDANE**  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Tlf: 952 37 438  
heggestad@tryggtrafikk.no  
[www.tryggtrafikk.no/sogn-  
og-fjordane](http://www.tryggtrafikk.no/sogn-og-fjordane)

**TRYGG TRAFIKK**  
Tullins gate 2  
Postboks 277 Sentrum  
0103 Oslo

Tlf.: 22 40 40 40  
hovedkontor@tryggtrafikk.no  
[www.tryggtrafikk.no](http://www.tryggtrafikk.no)